

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10. 2018**

Fylkesordføraren svarte ut munnleg i møtet. Det er ikkje utforma eit skriftleg svar til denne interpellasjonen.

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

1. Hordaland fylkesting tar endeleg stilling til om føresetnadene for samanslåingsvedtaket mellom Hordaland og Sogn og Fjordane er oppfylt, etter at Stortinget har slutthandsaka om regionreforma og oppgåvemeldinga og konsekvensane for våre to fylke er avklara?
2. Hordaland fylkesting går inn for at saka blir lagt ut til innbyggjarane i ei rådgjevande folkerøysting i dei to fylka før fylkestinget tar endeleg stilling til eventuell samanslåing.

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

24 av representantane (H, Frp, Uav og KrF) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.